

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Nemn minst tre ting som er viktige å gjøre før du startar å skrive.

Svar

- Les oppgåva nøyde.
- Finn ut kva for sjanger du skal skrive.
- Sjekk vurderingskriteria.
- Gå gjennom tidlegare oppgåver.
- Leit etter skriverammer og eksempeltekstar.
- Lag ein disposisjon.
- Samle stoff.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Sjå gjennom innholdslista: Kvar finn du eksempeltekstar i boka?

Svar

S. 43, 47, 59, 65, 88, 93, 108, 113, 131

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvar kan du leite for å finne stoff til teksten din?

Svar

Notat frå undervisninga, læreboka, nettsøk, fagbøker



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan du skape rom for konsentrert skriving?

Svar

- Set mobilen på lydlaus.
- Når du kjem på noko anna enn det du driv med, skriv det ned på eit eige ark.
- Arbeid konsentrert i 20 minutt før du tek pause.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor er det lurt å lese teksten sin høgt?

Svar

Det kan gjøre det enklare å oppdage manglende samanheng, därlege overgangar, ulogisk rekkefølge, manglende flyt, därlege formuleringar m.m.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Nemn minst tre ting som er viktige etter at du har skrive eit utkast til ein tekst.

Svar

- Sjekk strukturen.
- Sjekk samanhengen i teksten.
- Sjekk om du har svart på oppgåva.
- Arbeid aktivt med språket.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan søk-og-erstatt-funksjonen hjelpe deg?

Svar

Søk opp ord eller endingar som du veit at du ofte skriv feil. Slik kan du enkelt erstatte feila dine. Du bør ha ei liste over vanlege feil.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan synonym skape betre samanheng?

Svar

Å bruke synonym skaper variasjon i teksten, og du unngår å gjenta det same ordet for mange ganger.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor er det viktig å ha god variasjon mellom lange og korte setningar?

Svar

- Dersom ein har for mange korte setningar, blir teksten oppstykka.
- Dersom ein har for mange lange setningar, blir det vanskelegare å skape samanheng i teksten.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis skriv du gode avsnitt?

Svar

Eit godt avsnitt har ei tydeleg temasetning og deretter minst to kommentarsetningar før den avsluttande setninga. Avsnittet må gå over minst tre linjer for at teksten skal få god flyt.

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er korrekt avsnittsinndeling?

Svar

Mellom avsnitta skal det vere anten blanklinje eller linjeskift med innrykk.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Nemn tre ting som er viktige for å utøve kjeldekritikk.

Svar

- Finn ut kven avsendaren er.
- Dersom det er ein organisasjon: Kva står dei for?
- Kva er formålet med teksten?
- Finn deretter ut kvar og når teksten blei publisert.
- Vurder om dette gjer teksten meir eller mindre truverdig.

The image features a dense, abstract pattern of the word "intertekst" in a yellow-green color. The text is oriented at various angles, creating a diagonal flow across the entire frame. The background is a plain white, which provides a strong contrast to the yellow-green text. The density of the text varies, with some areas appearing more crowded than others, giving it a organic,手绘 (hand-drawn) feel.

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor er det viktig å finne ut kven som står bak teksten?

Svar

Det er viktig å vite kva avsendaren står for. Ein tekst om miljøvern vil ha eit anna truverd om han er skriven av Miljødirektoratet, enn om han er skriven av ein oljeprodusent.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan du sikre at du får gode treff på nettsøka dine?

Svar

- Slett søkehistorikken med jamne mellomrom.
- Veksle mellom ulike nettlesarar for å unngå å få dei same treffa.
- Varier søkerord og -frasar.

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er hovudregelen når du skal skrive samansette ord?

Svar

Samansette ord skal skrivast i eitt ord.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er hovudregelen for då/når?

Svar

Den gongen **då**, kvar gong **når**, **når** ein gong i framtida.

The word "intertekst" is repeated in a dense grid pattern across the entire page. The words are oriented at a 45-degree angle, creating a diagonal texture. The color of the text varies from dark blue to light yellow, providing a visual gradient across the document. The layout is non-linear, with each word appearing multiple times in different locations across the page.

Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er funksjonen til ordet **og?**

Svar

Ordet **og** bind saman to like ord eller ledd: to substantiv, to verb, to adjektiv, to setningar osv.



Dialogkort vg2

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er funksjonen til partikkelen **å?**

Svar

Ordet **å** er eit infinitivsmerke og kan berre stå framfor ein infinitiv.

intertekst